



Moro med MG: Torhild Andrea Engedal, Thor Sørensen og Dag Morfelt drog på vestlandstur i open bil. Det gikk fint.

Roleg rally med rå bilar

ÅSMUND SOLDAL

Dei ser små og ser illsinte ut. Nei, me snakkar ikkje om veps, sjølv om lyden til tider kan minna om insektet. Det handlar om sportsbilar av merket MG. Dei vert ikkje laga lenger, men er langt frå utryddingstruga.

Det glimta i polert lakk og krom lange vegar då dei 64 deltakarane i sportsbiltrallyet tok lunsj-pause på Hardangerfjord hotell i Øystese laurdag. Bilane fekk heidersplassen på plenen framføre hotellet.

Bilkortesjen starta og stogga i Oslo. Stundom høyrer ein om

austlendingar som kjenner seg utrygge på smale vestlandsvegar. Det gjorde ikkje MG-gjengen.

– Me likar smale vegar. Dessutan køyrer me ikkje stort fortare enn seksti kilometer i timen, seier MG-eigar Dag Morfelt frå Oslo.

Han opplyser at det skuldast både fartsvinden og det fine ut-synet. Medlemene i MG-klubben dreg ofte på tur saman, men også sportsbilar av andre merke er å sjå i flokken. Morfelt synest det er stas med den vesle, engelske sportsbilen mellom anna fordi han så ofte la merke til dei opne bilane då han var gut. No er han ein av 950 medlemmer i klubben.

Ifølgje MG-eigar Thor Sørensen køyrer dei fleste deltakarane på vestlandsturen MG A og MG B. Bilane er lette, og greier seg med 1,8 liters motorar med fire sylindrar. Han trur MG vert å sjå på norske vegar lenge. Tilgangen på reservedelar er svært god, sjølv om produksjonen i England vart historie då kineserar kjøpte selskapet.

Kartlesaren til Morfelt, Torhild Andrea Engedal, fortel at sportsbilistane har hatt ein fin runde gjennom Hardanger. Ho passar på at tredjemann i tosetaren sit trygt. Paret dreg ikkje på tur utan maskoten, ein elg i MG-genser.



Eldstemann: Den eldste bilen på rallyet var ein MG frå 1953.